



Sven Ivar Eknes  
Isdal 55  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/791 - 21/9876

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
12.02.2021

## Tilbakemelding på anmodning om forhåndskonferanse - førehandskonferanse - gbnr 185/35

Tiltak: førehandskonferanse  
Byggjestad: Gbnr: 185/35  
Tiltakshavar: Sven Ivar Eknes  
Ansvarleg søkjar:

Syner til førespurnad om førehandskonferanse og utfyllande informasjon i e-post datert 03.02.2021.

Slik kommunen forstår saka er det utfordringar knytt til Isdalselva. I periodar ved stor vassføring går elva over elvekanten og mot bustadhuset dykkar.



Figur 1 Bilde frå heimelshavar

I desse tilfella med høg vassføring i Isdalselva er det nytta provisorisk sikringstiltak for å sikre bustaden og eigedommen.



Figur 2 Bilde frå heimelshavar

Dykk opplyse at elva er tørrmura og mest truleg verneverdig samt at elva er gyteområde for aure. Vidare opplyser dykk at det er utfordringar knytt til at vassføringa nyttar opningar i eksisterande tørrmur og kjem opp utanfor elvelaupet. Det er dokumentert utfordringar knytt til flaumsituasjonen tilbake til 2007 med blant anna bilde og video.

I brevet kjem det fram at det er gjennomført tiltak i området knytt til kommunale hovudvassleidningen frå høgdebassenget. Det er også stilt spørsmål om kommunen har gjort inngrep som har ført til ytterlegare vassføring i Isdalselva. Basert på den tilbakemeldinga som er gitt internt i kommunen er det lagt ned eit 50 mm trekkerør som munnar ut i Isdalselva.

Grunnlaget for at dykk ynskjer ein førehandskonferanse er for å få avklart førehald knytt til sikringstiltak for eigedommen både med tanke på eksisterande situasjon men også opne for framtidige tiltak på eigedommen. Kommunen ser det som meir hensiktsmessig å gje ein skriftleg tilbakemelding utan å gjennomføre førehandskonferanse i og med at tiltaket er i startfasen og det er fleire forhold som må avklarast før kommunen kan gjennomføre ein førehandskonferanse.

Om dykk fortsett ynskjer ein førehandskonferanse etter gjennomgang av brevet ta kontakt for å avtale tidspunkt.

### **Vidare saksgang**

Kommunen anbefala at dykk tek kontakt med prosjekterande som kan støtte dykk i prosessen. Det er naudsynt med ei utgreie kva tiltaket som er mest føremålstenleg og plan for gjennomføring. Døme på tiltak kan vera heving av eksisterande bru for større lysopning, overlaup m.m. Ei utgreiing vil også gje føringar for dimensjonering av aktuelle tiltak som blir valt.

Ved utgreiing av aktuelle sikringstiltak kan dykk med fordel involvere Vestland Fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Desse vil vera aktuelle høyringsinstansar når dykk søker til kommunen om godkjenning av tiltaket.

Det er mogleg å søkja om tilskot til for eksempel planlegging av sikringstiltak her:  
<https://www.nve.no/flaum-og-skred/sikrings-og-miljotiltak/?ref=mainmenu>  
Vi gjer merksam på at søknadsfristen er **1. juli**.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Janne Kari Gjerde Eknes  
Sven Ivar Eknes

Isdal 55  
Isdal 55

5916 ISDALSTØ  
5916 ISDALSTØ